



-Sats på posar for plasten, seier Thomas F. Eide – her saman med sønene Elias og Jaran. (Foto: Ola Matti Mathisen)

- Når ein ser på alt boss vi hiv er det mykje plast. Eg vil tippe at sikkert halvparten av restavfallet er plast, seier Thomas F. Eide på Haugland i Uskedalen. Han har eit gods tips å koma med i denne samanhengen.


Han har vore i Bergen nyleg og sett at dei der har ein eigen avfallsdunk for plast. Han ringde difor til SIM næring på Stord og spurte om dei har tenk på ei slik ordning her i Kvinnherad. Det hadde dei, men som ei førebels ordning får ein utdelt store plastposar som ein kan levera inn gratis på ein av miljøstasjonane. Eide fekk så tilsendt fire posar i posten.

- Dette er ei fin ordning medan vi ventar på ein eigen plastdunk, seier Thomas.

SIM opplyser på heimesida si at den platen som skal i sekken er plastflaskar , kanner, folieplast, berepostar , esker, boksar og beger. Ein skal ikkje ha i sekken plast som ikkje er emballasje, plast som er tilgrisa og isopor. Heller ikkje skal ein ha i sekken plast som er merka med symbola "Ekstremt brannfarleg", "oksidierende". "Meget giftig", "Giftig" eller "Eksplisiv".

Ein enkel hugseregul for sortering er om platen er emballasje og om den er rein og tørr. Kan ein svara ja på begge sprsmåla, kan platen gå i sekken. Dersom ikkje, er den restavfall. Ein skal skylla tilgrisa plast i kaldt vatn, Fastlimte etikettar treng ikkje fjernast, opplysar SIM.

Av Ola Matti Mathisen



På posen er det greie råd for kva som skal i han og kva som ikkje skal det. (Foto: Ola Matti Mathisen)